

Årsmelding for 2014

Styret valt på årsmøtet 02.03.14:

Knut O. Dale, leiar (vald for eitt år)	Varamedlemar:
Gry Folkvord (vald for to år)	1: Ingvild Jøsendal (vald for eitt år)
Harald Jordal (vald for to år)	2: Haakon Tverdahl (vald for eitt år)
Solveig Grønlien (ikkje på val)	3: Marit Bleie Mannsåker (vald for eitt år)
Harry Solberg (ikkje på val)	Valnemnd: Jorid Ystanes (leiar), Øystein Kambestad og Turid A. Solberg

Styret konstituerte seg med Harry Solberg som nestleiar og med Marit Bleie Mannsåker som kasserar. Harald Jordal er skrivar. Mellom årsmøta har styret hatt 16 møte. I juli hadde ei arbeidsgruppe der Harald Jordal, Terje Kollbotn og Knut O. Dale var med, fleire møte om det tilstundande Haustseminaret.

Medlemstalet:

142: Dette er ein framgang på 12 frå 2013.

Tilskipingar:

Årsmøtet 2.mars 2014:

I framhaldet av årsmøtet innleidde leiaren i Noregs Mållag Marit Aakre Tennø om utfordringar for nynorsken og Noregs Mållag. Vidare orienterte Terje Kollbotn og Harald Jordal om språkdelinga i Odda. Omgrepet Oddamodellen vart født på møtet. Strategien (dei visjonære framtidsvegane) for det vidare arbeidet med Oddamodellen vart lagt på dette møtet.

16.11.14: Kulturkveld:

Odda i manns minne vart presentert. Bidragsytarane fekk påskjøning. Vidar Våde kåserte om Tyssedal i fortid og notid. Musikk av gruppa Trubadurene. Overlevering av målprisen for 2013. Matøkt og loddsal med bøker som gevinstar. Avslutning med sal av *Odda i manns minne*.

25.11.14: Ope møte med professor Gunnstein Akselberg:

Akselberg tok for seg dialektutviklinga i Hordaland. Odda Mållag samarbeidde med Odda bibliotek om denne tilskipinga.

Olav H. Hauge-tilskiping 08.02.15:

Kvelden var eit samarbeidstiltak med Venelaget Olav H. Hauge, Folkeakademiet og Fritt Ord. Arnhild Litlere las Hauge-tekstar medan saksofonist Arvid Aasprang gav tekstane ei musikalsk ramme.

Arbeidet med å berga språkdelinga på Odda ungdomskole:

27.05. 2013 hadde styret i Odda Mållag eit uformelt møte med m.a. sentrale politikarar i Odda (Gard Folkvord og Terje Kollbotn), tillitsvalde i Utdanningsforbundet på Odda ungdomskole og Ingar Arnøy, skulemålsskrivar i Noregs Mållag.

På eit ope møte på Meieriet 6.november 2013 innleidde Helga Mannsåker, stipendiat i norsk på Universitetet i Bergen og Atle Patterson, tillitsvald for Utdanningsforbundet på Odda ungdomsskole. Representantar for dei politiske partia var inviterte til møtet.

På budsjettmøtet til Odda kommunestyre i desember 2013 vart språkdelinga berga for skuleåret 2014/2015 med 14 mot 13 røyster. Slik var det og for skuleåret 2013/2014.

Framfor landsmøtet gjorde styret i Odda Mållag framlegg om at denne fråsegna skulle vedtakast på landsmøtet

Oddamodellen må verta allmenn – full språkdeling til og med ungdomsskolen i språkblanda område

Odda Mållag

I Odda kommune har det i over hundre år vore høve for foreldra å velja om elevane skal gå i nynorsk- eller bokmålsklasse. Denne ordninga har vore gjennomført til og med ungdomssteget; den såkalla Oddamodellen.

Denne språkdelinga i heile grunnskulen i Odda gjer at elevane får all undervisning og alt undervisningsmateriell i alle fag på hovudmålet sitt. Dette gjer elevane til trygge språkbrukarar. Denne ordninga hindrar målbyte i grunnskulen og medverkar til at så godt som alle nynorskelevane held fram med nynorsk i den vidaregåande skulen. På grunn av sparetiltak i kommunen er denne unike og gode ordninga no komen under sterkt press. Både Odda Mållag og elevrådet og Utdanningsforbundet ved Odda ungdomskole har engasjert seg sterkt for å halda oppe språkdelinga ved Odda ungdomskole og har førebels vunne fram i to budsjetttrundar. Hausten 2014 kjem saka opp att på nytt i kommunestyret. Før den tid skal kommunen gjennomføra ei brei evaluering og ein høyringsrunde.

Landsmøtet i Noregs Mållag gjev full støtte til kampen for å halda oppe språkdelinga ved Odda ungdomskole -både på eit målpolitisk og på pedagogisk grunnlag. Landsmøtet vil at Noregs Mållag arbeider aktivt for at Stortinget løyver ekstra midlar til å halda oppe språkdelinga i Odda, slik at ein unngår debatt om dette ved kvar budsjetthandsaming. Landsmøtet vil at Noregs Mållag arbeider for at andre ungdomskular i målblanda område i landet skal kunna gjennomføra full språkdeling og få ekstrakostnadene dekte av staten.

Fråsegna vart samrøystes vedteken på landsmøtet. Hovudbodskapen i fråsegna er at Oddamodellen må gjerast allmenn og at staten ber meirkostnadene med ei slik ordning.

I mangt og mykje vart Oddamodellen den viktigaste saka på Gardermoen-landsmøtet. I framhald av fråsegna vart arbeidet for Oddamodellen gjort til ei prioritert sak i arbeidsprogrammet til Noregs Mållag.

Etter at landsmøtet var avslutta, hadde utsendingane frå Odda eit utformelt møte med deler av styret i Noregs Mållag og med Hege Lothe frå skrivearstova i NM. Øyvind Fenne, utflytt odding, norsk lærar på Fræna vidaregåande skule og varamann til styret i Noregs Mållag, var ordstyrar på møtet. Leiaren i Noregs Mållag deltok og på dette strategimøtet. Likeeins Ingrid Fiskaa også frå styret i Noregs Mållag. Øyvind Fenne skreiv eit lesarinnlegg om Oddamodellen og teksten vart trykt i Hardanger Folkeblad 14.04.14.

Språkdelingssaka vart hovudsaka på Haustseminaret til Noregs Mållag i Odda 27.og 28.09.14. På seminaret innleidde m.a. universitetsstipendiat og medlem i Odda Mållag Helga Mannsåker, lærar ved Odda ungdomskole Inge Reinsnos, Sigrid Walle og Liva Thiis frå elevrådet ved Odda ungdomskole, norsk lærar på Odda vidaregåande skule og styremedlem i Odda Mållag Ingvild Jøsendal og kommunestyrerepresentant og mållagsmedlem i Odda Mållag Terje Kollbotn.

Desse innleiingane er lagde ut på heimesida til Noregs Mållag. Alle medlemmane i Odda kommunestyre var inviterte til seminaret.

I bussen, på veg til kultur- og festkvelden på Kraftstasjonen i Tyssedal, fortalde Terje Kollbotn om industrialiseringa i Odda. Industrireiseinga i Tyssedal og Odda var og gjennomgangstemaet i kåseriet Vidar Våde heldt på tilskipinga i Tyssedal. Der var og song- og instrumentalgruppa Folkelokk med.

Talet på deltakarar på Haustseminaret: 56. På laurdagen, då Oddamodellen vart presentert, var det over 70 framømte i Ungdomshallen. Medlemar i Odda Mållag stilte opp med kaker og annan bakst.

I framhaldet av Litteratursymposiet, fyrste veka i oktober 2014, støtta ein del forfattarar Oddamodellen. Blant dei som stilte seg bak Oddamodellen var oddaforfattarane Frode Grytten, Marit Eikemo, Bjørn Ingvaldsen og Lars Ove Seljestad. Dette oppropet vart lagt fram for Odda kommunestyre på møtet 24.november.

Odda Mållag har hatt møte med sentrale politikarar i Odda: M.a. møtte Harry Solberg og Knut O. Dale ordførar John Opdal 28.10. 14. I november møtte Gry Folkvord og Knut O. Dale frå styret i Odda Mållag Gard Folkvord (leiar for Odda herreds Arbeiderparti si kommunestyregruppe) og varaordførarkandidat Linda Haugland Jondahl for Odda Ap. Knut O. Dale har hatt møte med kommunestyrerepresentant Salm Sjurstræ i Sp, medan Ingvild Jøsendal har hatt telefonmøte med kommunestyrerepresentant Anne Marit Buer frå Venstre. Likeeins møtte Harry Solberg leiaren i Utviklingskomiteen Eivind Tokheim. Tokheim representerer Venstre i Odda kommunestyre. Knut O. Dale har hatt fleire telefonsamtalar med ordførarkandidat for Arbeidarpartiet Roald Aga Haug som har vore styremedlem i Odda Mållag.

Me har og hatt mange møte med elevråd, rektor, tillitsvalde og lærarar på Odda ungdomsskole. M.a. møtte Ingvild Jøsendal og Knut O. Dale lærar på Odda ungdomskole, Elisabeth Opheim, og klubbtiltsvald for Utdanningsforbundet på Odda ungdomskole Atle Patterson. Dette møtet var 25.september. Styret har hatt møte med Steinar Sæther, leiar i foreldreutvalet ved Odda ungdomsskole, og kommunestyrerepresentant for Ap Jarle Vangen. Vidare har Terje Kollbotn delteke på deler av dei fleste styremøta under dagsordenpunktet: Språkdelinga. Terje Kollbotn er leiar for og gruppeleiar for partiet Raudt i Odda.

Odda Mållag

Elevrådet på Odda ungdomskole la fram synet sitt på språkdelinga på kommunestyremøtet 24. november. Dei som møtte opp frå elevrådet var Sigrud Walle, Siri A. Gravdal Elton og Liva Thiis.

På medlemsmøtet i Odda herreds Arbeiderparti 11.12.14 vedtok Ap å halda fast på språkdelinga i Odda. Styremedlem i Odda Mållag Gry Folkvord hadde innlegg på møtet. Gry Folkvord vart intervjuva av Radio Folgefonn om språkdelinga. I tillegg har ho laga ein videosnutt om saka. Denne snutten vart vist på budsjettmøtet i Odda herreds Arbeiderparti og på foreldremøtet på Odda ungdomskole 9. desember. Foreldreutvalet hadde invitert dei politiske partia i Odda til dette møtet.

Då Knut Arild Hareide, Torill Selsvold Nyborg og Pål Kårbø vitja Odda 5. mai 2014, fekk Odda Mållag saman med Atle Patterson frå Utdanningsforbundet i Odda høve til å presentera Oddamodellen for dei tre sentrale KrF-politikarane. Gry Folkvord og Harald Jordal representerte Odda Mållag på det kvarterlange møtet.

Omtale i media:

I landsmøtenummeret av Norsk Tidend var det ein større omtale av Oddamodellen.

Fredag 4. april, dagen då landsmøtet i Noregs Mållag byrja, hadde Hardanger Folkeblad eit stort oppslag (også framsideoppslag) om språkdelinga. Utsendingane frå Odda Mållag hadde med seg 200 aviser som vart lagde ut på plassane til alle landsmøtedelegatane.

21. november hadde HF eit stort oppslag (også på framsida) der elevrådsrepresentantane Sigrud Walle, Siri A. Gravdal Elton og Liva Thiis forsvarte språkdelinga. 21. november trykte Hardanger Folkeblad lesarinnlegget «Oddamodellen på terskelen til å bli ei nasjonal ordning» underskrive av styret i Odda Mållag. 8. desember hadde Knut O. Dale eit innlegg i Hardanger Folkeblad med overskrifta: *Kaos på Odda ungdomskole?* Steinar Sæther (leiar i foreldreutvalet på Odda ungdomskole) har skrivne eit tungt, sakleg og innhaldsrikt innlegg om språkdelinga.

Etter Haustseminaret var Oddamodellen hovudsaka i novemberutgåva av Norsk Tidend. M.a. var heile innleiinga til Helga Mannsåker attgjeven i bladet. Denne utgåva av Norsk Tidend vart delt ut til alle representantane i Odda kommunestyre på møtet 24. november.

Nettavisa Framtida.no har hatt mange innhaldsrike og innsiktsfulle oppslag om Oddamodellen. Desse oppslaga ligg framleis ute på nettsidene til Framtida.no.

Budsjettmøtet 18.12.14:

Framfor budsjettmøtet sende Noregs Mållag eit brev til Odda kommunestyre der kommunestyret vart inviterte til eit samarbeid om å gjera språkdelinga ved Odda ungdomskole (Oddamodellen) til ei nasjonal ordning i språkdelt kommunar.

På budsjettmøtet 18. desember 2014 vedtok Odda kommunestyre å halda fram med språkdelinga på ungdomskulen. Fleirtalet var samansett av Arbeidarpartiet, Moderatane og Raudt. Høgre, bygdelistane Nye Odda saman med målpartia Venstre og Senterpartiet ville oppheva språkdelinga. Med stemmetala 14 for og 12 imot heldt Odda kommunestyre oppe språkdelinga.

Vedtaket hadde denne ordlyden:

Språkdelinga ved Odda ungdomskole blir halden oppe. Inndekninga skjer innan budsjettamma på Odda ungdomskole. Odda kommune skal arbeida for ei statleg medfinansiering. Odda kommune takkar ja til invitasjonen frå Noregs Mållag om å gjera språkdelinga ved Odda ungdomskole til ei nasjonal ordning i språkdelt kommunar.

Sørfjorden Målungdomslag:

29.01.15 vart det skipa målungdomslag i Odda. Med på skipingsmøtet var Jorunn S. Thingnes. Fredag 25.09.14 – dagen før haustseminaret starta – hadde ho timar på Odda vidaregåande skule. Jorunn Thingnes er redaktør i Motmæle, bladet til Norsk Målungdom, og etter haustseminaret skreiv ho ein innhaldsrik og informativ artikkel om Oddamodellen. Amalie Øyre Trones er vald til leiar i laget.

Nynorsk i arbeidslivet:

I arbeidsprogrammet til Noregs Mållag står det:

LO-kongressen i 2013 vedtok i sitt nye handlingsprogram (kapittel 11) at LO vil arbeida for likestilling mellom nynorsk og bokmål i arbeidslivet og samfunnet elles. På bakgrunn av dette vil Noregs Mållag invitera LO til samarbeid om korleis dette kongressvedtaket best kan fylgjast opp.

Odda Mållag

Noregs Mållag vil og byggja opp eit fagleg utval og nettverk for å styrkja stillinga til nynorsk i arbeidslivet og fagrørsla, spesielt i LO. Medlemsverving blant LO-medlemar og tillitsvalde blir og prioritert.

Det var Terje Kollbotn frå Odda Mållag som kom med framlegg om at saka skulle inn i arbeidsprogrammet. Framlegget vart samrøystes vedteke av landsmøtet i Noregs Mållag i 2014. 1. februar 2015 oppnemnde styret i Noregs Mållag eit fagleg utval og i dette utvalet er Terje Kollbotn med.

Norskfaget og sidemålstilen:

I arbeidsprogrammet til Noregs Mållag står det no:

Noregs Mållag vil arbeida for at alle elevane vert prøvde både i hovudmål og i sidemål på studiespesialiserande utdanningsprogram og på påbyggingsåret som gjev generell studiekompetanse. Krava til hovudmåls- og sidemålsvara skal vera dei same. Sidemåls- og hovudmålsksamnen skal vera samstundes, men på to ulike dagar. Noregs Mållag meiner at gjeldande sidemålsordning i grunnskulen skal halda fram.

Dette punktet i arbeidsprogrammet fekk samrøystes tilslutning på landsmøtet til Noregs Mållag og var sett fram av Odda Mållag.

Røldalsmarknaden 20. til 22.06.14:

Odda Mållag markerte seg på Røldalsmarknaden med eigen bås. Ulike mållagsemler og mållageffektar vart selde. Odda Mållag hadde ein større annonse i Marknadsavisa. Solveig Grønlien var drivkrafta attom denne markeringa.

Møte med Odda vidaregåande skule:

På møtet med rektor Øyvind Bjørkevoll, assisterande rektor Turid B. Hauso og avdelingsleiarane Jane Myhre og Geir Rønningen møtte Ingvild Jøsendal og Harald Jordal frå Odda Mållag og leiaren i Ullensvang Mållag Erlend Trones. Møtet vart halde 22.09.14.

Etter møtet gjeld desse retningslinene for målbruken på Odda vidaregåande skule:

All kommunikasjon ut frå skulen - også interne oppslag og intern kommunikasjon på skulen - skal vera på nynorsk.

Prøvar skal vera på begge skriftspråka.

Lærarane skal bruka det nynorske katetereksemplaret.

Oppmoda om at eigeprodusert undervisningsstoff blir tilbode på nynorsk.

Oppmoda lærarane til å bruka nynorsk på tavla.

Skulen vil arrangera kurs i nynorsk.

Vervetiltak:

12.november hadde Odda Mållag saman med Ullensvang Mållag eit A4-ilegg i Hardanger Folkeblad. Fram til 15.desember hadde mållaga fått 21 nye medlemar. På framsida av ilegget oppmoda mållagsmedlemene Brita og Gunvor Øvregård folk om å melda seg inn i mållaget. Noregs Mållag støtta tiltaket med 14 000 kroner. Fotograf og journalist Ingerid Jordal hadde utforma ilegget.

Målprisen 2013:

Årsmøtet i Odda Mållag tildelte sportsjournalist i NRK-fjernsynet Hans Henrik Løken prisen, eit trykk av biletkunstnaren Solfrid Aksnes. Prisen vart utdelt på kulturkvelden 16.11.14. På vegner av sonen mottok Randi Bårtvedt målprisen.

Gåver, tilskot og andre påskjøningar:

Påskjøning til dugande nynorskelev på Odda vidaregåande skule: Øyvind Tømmernes. Prisen var på 2 500 kroner. Radio Folgefonna fekk 10 000 kroner av Odda Mållag. Odda Mållag støtta kulturkvelden i samband med Haustseminaret med 5 000 kr. Odda Mållag dekte kostnadene som Jorunn Thingnes (redaktør i Motmæle) hadde med å delta på Haustseminaret. Fredag 26.september var ho på Odda vidaregåande skule og

Odda Mållag

møtte tredjeklassingane. I alt hadde ho 4 undervisningstimar. Målungdomslaget som vart oppattstarta 29.januar 2015 var eit resultat av denne skulevitjinga.

Hysing av tilreisande:

Under Haustseminaret budde fire tilreisande målungdomar hjå Solveig Grønlien. Blant dei som overnatta hjå Solveig var Jorunn Thingnes, som også overnatta hjå Solveig då ho kom attende til Odda i januar og fekk i gang målungdomslaget.

Odda i manns minne:

I skriftstyret: Harry Solberg, Kristen D. Eitrheim, Ingvild Jøsendal og Harald Jordal. Opplaget var på 1200 og nær på utselt. 5 laurdagar og 4 torsdagar selde mållagsmedlemar heftet på Sørfjordsenteret. Harry Solberg har gjort eit stort arbeid med å organisera salet og me har funne fram til gode løysingar for sal i andre forretningar/utsalsstader.

Nynorsk i skulen:

67 prosent av elevane i grunnskulen i Odda har nynorsk opplæringsmål. Framfor innskrivinga hadde Odda Mållag to lysingar i Hardanger Folkeblad.

Utsendingar på møte:

Årsmøtet i Hordaland Mållag i Øystese: Solveig Grønlien. Solveig Grønlien sit i styret i Hordaland Mållag der ho er nestleiar. Landsmøtet i Noregs Mållag på Gardermoen 4.-6.april : Terje Kollbotn Harald Jordal og Knut O. Dale. På Haustseminaret deltok Harald Jordal, Solveig Grønlien, Ingvild Jøsendal, Harry Solberg og Knut O. Dale frå styret.

Heimeside:

<http://odda-mallag.no/>

Håkon Tverdal legg ut stoff på sida.

Økonomien:

Inntektene i 2014 var kr 293 670,00 og utgiftene var kr 256 643,94. Økonomien til Odda Mållag er god.

Etterord:

For å berga språkdelinga på ungdomsskulen (Oddamodellen) har det vore heilt nødvendig med mange styremøte. Me er så frimodige at me meiner at arbeidet vårt har vore avgjerande for det positive utfallet saka fekk i Odda kommunestyre..

Me er glade for at styret og skrifvarstova i Noregs Mållag ser verdien av Oddamodellen og dreg i same lei som oss. Haustseminaret til Noregs Mållag i Odda var særskilt vellukka, og Noregs Mållag og Odda Mållag samarbeidde godt om tilskipinga.

No gjeld det å få gjort Oddamodellen til ei allmenn ordning og med statleg finansiering. Difor er striden for Oddamodellen ikkje berre ei oddasak, men ei sak med konsekvensar lang utover det lokale.

Elles gled me oss over at Noregs Mållag vil arbeida for to jamstelte eksamensstilar i den vidaregåande skulen. Framlegget som kom frå Odda Mållag, vart samrøystes vedteke av landsmøtet på Gardermoen.

I 2014 har skriftstyret for *Odda i manns minne* – med Harry Solberg i spissen – lagt ned eit storarbeid! Det lokalhistoriske skriftet gjev Odda Mållag gode inntekter og godt omdøme. Det er mykje lettare å driva lokalt målarbeid når økonomien i laget er god!

Odda 09.02.15

Styret i Odda Mållag